

Dagene 15. April 1961

Dag over Noreg

Nattkaldt var landet då æsene rådde.
Vannkunna herja i ord og i gjerd.
Seidmann og Gode til heimane nådde.
Ingen forstod kva eit mannsbarn var verd.
Småborn og træljar på blotsteinen blødde.
Var det kje betre dei aldri var fødde?

Einøygde Odin var høgaste herre.
Ramnar på bae hans herdar stod vakt.
Landslyden vingla frå vondt og til verre,
fjetra av heidendoms grufulle makt,
Ovtru og livslygn i draumsyn deim hildra.
Blinde i used og blodhemn dei vildra.

Solhov her kom, men i tidene tronge.
Stormslitne långskip kom vestanfrå hav.
Hovding var Håkon, vår seinare konge.
Nemnd som den fyrste oss Krist-ljoset gav.
«Kven heldt det brennande?» torer me spyrja
Veikt som det var då frå fyrsten det byrja.

Himmelens Herre som Krist-ljoset tendra,
verna det og med si mektige hand.
Heidendomsmyrkret omsider seg endra.
Ljosglansen spreidde seg over vårt land.
Trass i all motstand frå seidmann og fyrkja
vann ho seg foffeste, Kristus si kyrkja.

Her hev då ljuset for landslyden brunne.
Her fekk dei møtast frå fjell og til flud.
Her heve mange sin Kvite-Krist funne.
Han som er vegen frå Hel og til Gud.
Her fann dei berging frå villferd og våde.
Her i Guds hus møtte brøtsmannen nåde.

Kristus, vår konge i Naderiks-borgi.
Må han få leida or myrkret vårt fot.
Må han få slökkja den djupaste sorgi.
Må han få stråla vår ungdom i mot.

Og i vårt hjarta til Gudsliv slå røter,
når me Guds Ord frå hans lærestol møter.

Johs. M. L. Rydland.